



Elevrådet med førebels ressurat av innsamlinga. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Elevane ved skulen i Uskedalen gjer no ein innsats for andre barn som er ramma av krig og som har gått på miner og mista eller fått skada armar eller bein.



Hempene frå boksane er laga av eit titanliknande materiale. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Dei samlar inn "hemper" frå brus- og ølboksar, som er laga av eit titanliknande, lett og sterkt materiale og som blir nytta opp att i produksjon av protesar i Thailand..

Ein av foreldra, Tor Edward Taranger, hadde ideen med seg frå Nordsjøen eller nærare bestemt frå Statfjord B der han arbeider. Der har dei lenge dreve med innsamling av slike hemper.

Innsamlinga ved skulen i Uskedalen vart starta for halvannen månad sidan og då Tor Edward kom i elevrådet måndag vart han imponert over innsatsen til elevane førebels.

- Dykk har vore flinkare enn oss på plattformen, sa han og såg utover velfylte plastboksar.

Tor Edward oppmoda elevane til å samla inn enda meir, ikkje minst i den føreståande julehelga då det blir opna svært mange boksar også dette året.

- Eg synest at dette er eit viktig tiltak, ikkje minst fordi det er barn som hjelper barn, seier Tor Edward. Han ynskjer at det no blir konkurranse mellom skulane om innsamling av slike "hemper".

Av Ola Matti Mathisen



Tor Edward Taranger fortel om tiltaket i elevrådet. (Foto: Ola Matti Mathisen)